

# I år fyller postnummeret femti år

Gunn Berit Wiik

OPPDATERT: 03.OKT.2018 09:47

PUBLISERT: 03.OKT.2018 06:00



LEVANDE HISTORIEBØKER: – Då eg gjekk på postskulen, måtte me pugga 3200 poststader, så postnummer kan eg litt om, seier Jan B. Thorsheim, som laurdag inviterer til Frimerkets dag i Knarvik senter saman med filatelistkompis Olav Idsø. FOTO: Gunn Berit Wiik


**Laurdag kan du ta med deg frimerke,-  
postkort,- eller brevsamlinga di til Knarvik**

## senter og spørja desse to karane om kva som helst.

Då er det nemleg Frimerkets dag, og det Jan B. Thorsheim og Olav Idsø ikkje veit om postens historie og frimerke og slikt, er ikkje verdt å vita.

Frimerkets dag blir berre markert på tretti stader i heile landet, så her har folk ein unik sjanse til å få ei forklaring på eller vurdering av godsaker dei måtte ha i skuffer og skap.

– Gamle brev og postkort kan fortelja utruleg mykje viktig historie, seier dei.



ARTIG MINNE: Jubileumskonvolutten som er å få kjøpt på Frimerkets dag, er basert på den gamle søte små postnummerkatalogen som mange voksne sikkert hugsar.  
Gunn Berit Wiik

## Postnummer-revolusjonen

Tema i år, er postnummer og innføring av postnummer og Jan B. Thorseim fortel at ein ikkje alltid har kunna sortert posten etter nummer.

– Då eg gjekk på postskulen, måtte me pugga 3200 poststader. Difor var det litt av ein revolusjon då postnummersystemet blei innført 18. mars 1968, altså for femti år sidan, seier han.

I det nye systemet stod første talet i postnummeret for sone, det andre for region, det tredje for område og det fjerde for stad. Dermed kunne ein lett forstå kor posten skulle når han var merka med for eksempel 5140 Hundvin. Også på stempelet kom det no postnummer, og den manuelle sorteringa kunne erstattast med maskiner.

– Innføring av postnummer er den største nyvinninga i postens historie, seier Thorsheim.



SAMLEOBJEKT: Kvant år blir det laga nye samleobjekt til Frimerkets dag. I år er dette to sett med ulike frimerke pluss den spesielle konvolutten laga spesielt til 50-årsjubileet for innføring av postnummer.  
Gunn Berit Wiik

## Levande historiebøker

Med så engasjerte og kunnskapsrike folk som Jan og Olav framfor seg, er det lett å spora av. Difor får me vita at det eldste brevet dei har i Striletaggen Nordhordland filatelistklubb, er eit brev frå 1855, stempla 183 Lindaas. Praten går også ein tur innom Postvegen og gamle postkontor.

For to år sidan gav Thorsheim, Idsø og Audun Hanstveit nemleg ut ei bok med fullstendig oversikt over alle postopneri og brevhus som har vore i Nordhordland.

For boka vart dei tre tildelt Norsk filatelistforbunds ærespris. Difor er det ikkje mykje dei ikkje veit om dette heller, om folk skulle lura på noko.

– Visste du forresten at det første postkontoret i Lindås, faktisk låg i Gaulen? spør Thorsheim og godtar seg over underteikna sitt overraska fjes.

## Unik bok om postverket

### – Ei viktig historie

Dei to filatelistnerdane forstår at mange truleg ser på dei som nokon raringar som brukar tid på slikt som dette.

– Men fakta er at posten ein gong var den viktigaste kommunikasjonskjelda me hadde. Difor synest me også posthistoria er verdt sin plass i historiebøkene, understrekar dei.

### Vil ha folk ut or skåpet

Med berre godt vaksne medlemmer i Strilataggen, ser Thorsheim og Idsø at gamle frimerke, brev, stempel, postkort og liknande ikkje fengjer ungdommen lenger.

Men dei veit at det likevel er mange der ute som i all stillheit samlar utan å vera med i nokon klubb. Og det er desse dei gjerne vil ha kontakt med.

– Ein treng ikkje samla på 20 millimeters frimerke for å vera med i klubben. Det er det same kva ein samlar på berre ein har interesse for denne typen historie, seier dei to.